

PRESSEMELDING

Enovastøtte til stortilt energiomlegging i Norges største kjøpesentergruppe

Amfi Drift har fått tilsegn om støtte frå Enova på 31 millionar kroner for å vidareføre energieffektivisering på 44 av kjøpesentra. Prosjekt målet er å gjere investeringar som gir ein energireduksjon og konvertering til fornybar energi på 40 GWh i løpet av dei tre komande åra. Amfi Drift vidarefører samarbeidsavtalen med Enøk-senteret om vidare satsing på energieffektivisering i kjøpesentra som Amfi forvaltar.

Amfi ønskjer å drive si verksemd på ein samfunnsansvarleg måte, og er derfor svært opptatt med å redusera energibruken. Amfi er samstundes opptatt av å redusera energikostnadane for sine leietakarar. Ein reduksjon i energiforbruket er slik ein viktig faktor å oppnå begge målsettingane.

Amfi og Enøk-senteret starta samarbeidet i 2003, og dette vert altså no vidareført i ein ny prosjektperiode fram til 2015.

- Enøk-senteret er saman med Enova gode støttespelarar for å kunne ta ytterligare steg innan energieffektivisering på våre senter, seier Kjetil Moen, drifts- og vedlikehaldssjef i Amfi Drift AS.
- Miljøgevinsten og lågare felleskostnader for leietakarane våre er viktige mål for oss.

-Enova er glad for at Amfi Drift går føre ved å energieffektivisere sine kjøpesentra. Enova ser store moglegheiter for ringverknader av prosjektet. Dette er ein bransje med store energisparepotensial, seier Jan Peter Amundal, seniorrådgjevar for næringsbygg i Enova.

Målsetting om 40 GWh reduksjon og konvertering

Innan 2015 er målsettinga at Amfi skal ha redusert energiforbruket sitt med heile 34 GWh pr. år og konvertert til fornybar energi med 6 GWh pr. år, noko som tilsvarar energibruken til om lag 2.000 privatbustader. Ein skal mellom anna gjennomføre tiltak på detaljovervaking på energibruk tekniske anlegg, installere sentral driftskontroll, varmepumpeløysingar, energieffektiv belysning, meir energieffektive varme- og ventilasjonsanlegg.

- Enøk-senteret har gjennom mange år skaffa seg detaljkunnskap om energieffektivisering i kjøpesenter gjennom sitt engasjement med Amfi. Vi er svært glade for å få vidareføre samarbeidet med Amfi og slik bidra med energieffektivisering, fortel prosjektleiar Paul Rune Ingebrigtsen og dagleg leiar Torger Mjønnes ved Enøk-senteret.

Dei 44 sentera som er med har eit oppvarma areal på 685.000 m² med samla energibruk på 190 GWh. Prosjektet har ei investeringsramme på 230 millionar kroner, og Enova støttar prosjektet med 31 millionar kroner.

Trondheim/Surnadal /Ørsta 7. februar 2012

*Om de ønskjer meir informasjon ta kontakt med:
Amfi Drift AS v/Kjetil Moen, tlf 716 57 428 eller*



Enøk-senteret AS v/Paul Rune Ingebrigtsen, tlf 700 48 713
Enova SF v/Jan Peter Amundal, tlf 928 59 509